



Arkiv: FA-K44, TI-&00
JournalpostID: 21/4107
Saksbehandlar: Mandy Häger
Dato: 24.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 19/21	Nærings- og utviklingsutvalet	07.04.2021

Høyringsutkast til ny forskrift om utvida bandtvang for hund

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

I medhald av forvaltningslova § 37 vert framlegg til lokal forskrift om utvida bandtvang for hund sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Nærings- og utviklingsutvalet - 19/21

NU - behandling:

Landbrukssjef Mandy Häger orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

9 voterande

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NU - Vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 37 vert framlegg til lokal forskrift om utvida bandtvang for hund sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjeldande forskrift om utvida bandtvang for hund i Sykkylven kommune dekkjer ikkje alle område med beitande bufe. Dette har ført til utfordringar for landbruket i beitesesongen. Av omsyn til landbruksnæringa er det difor behov å oppdatere forskrifta. Administrasjonen ønskjer samtidig å nytte høve til å endre oppbygginga i forskrifta slik at ho vert meir systematisk.

Saksopplysningar

Den generelle bandtvangsregelen er heimla i hundelova § 6 og lydar som følgjande:

«I tiden fra og med 1. april til og med 20. august skal en hund bli holdt i bånd eller forsvarlig inngjerdet eller innstengt, slik at ikke den kan jage eller skade storfe, sau, geit, fjærfe, rein, hest eller vilt, herunder viltets egg, reir og bo.»

I Sykkylven kommune gjeld i tillegg utvida bandtvang i perioden 21. august – 30. september. I dag er det to område som er unnateke ekstraordinær bandtvang. Desse er:

- Området frå Stavekollen til Svartebekk avgrensa i syd til Stavekollen, Kalddalen og Flatehornet (N), i vest av gamle Sykkylvsbru, i aust av Sykkylvsfjorden og i nord av Storfjorden, då det ikkje er beitande bufe i området.
- Turstien frå Aursnes til Rundesteinvika, samt turområdet ved Kurseth, Myrseth og Hovdeåsen på nordsida av fylkesvegen, då det ikkje er beitande bufe i dei angjevne områda.

For følgjande område gjeld bandtvang heile året: for oppkøyrde løyper rundt Nysætervatnet, i parkar, på kyrkjegardar, på og ved skular, barnehagar og anlegg for leik, idrett, sport eller rekreasjon. Rekreasjonsområde er her definert til Haugneset friområde, Aursneset friområde og badeplassen ved Andestad.

Bandtvangsføresegnene gjeld ikkje for:

- dressert hund brukt til gjeting.
- hund i aktiv politi-, militær- og redningshundteneste eller under trening eller prøving for slik teneste.
- hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såra vilt og hund brukt til jakt.
- jakthundtrening og jaktprøving.

Vurdering

Jamfør hundelova § 6, 2. ledd bokstav e kan kommunen innføre ekstraordinær bandtvang i heile eller delar av kommunen i ei avgrensa tidsperiode for å verne om bufe (storfe, sau, geit og hest). I Sykkylven kommune går det rundt 4500 husdyr på utmarksbeite om summaren. Laushundar har vore eit aukande problem i kommunen dei siste åra. Kommunen har motteke fleire rapporter om sprengde sau og lam. Dødsårsaka er bekrefta av veterinær og skyldast truleg laushund.

I Tudalen mellom Sæssnacken og Tuvatnet er det registrert rundt 300 sauer om sommaren. Dette området er i dag unnateke ekstraordinær bandtvang. Dette har ført til utfordringar for landbruksnæringa og auka konfliktnivå mellom beitenæringa og hundeeigarane. Administrasjonen foreslår difor å fjerne unntaka frå dagens forskrift. Bandtvangen bør gjelde for alle område der bufe har rett til å beite og faktisk beitar.

I ny forskrift er det også teke med eit punkt om forsøpling, jf. hundelova § 11. Dette punktet lydar som følgjande: *«Hundehaldar pliktar å fjerne avføring som hunden legg att i tettbygd strøk, langs offentleg veg, idrettsanlegg, skiløype og tilrettelagt friluftsområde, eller i andre område som er tilgjengeleg for allmenta i tettbygde strok.»*

Fullstendig forslag til ny forskrift om utvida bandtvang i Sykkylven følgjer vedlagt.

Økonomiske konsekvensar

Ingen kjente økonomiske konsekvensar for kommunen.

Geir Ove Vegsund
kommunedirektør

Bjarte Hovland
einingsleiar tekniske tenester

Vedlegg:

Forslag til ny forskrift

Gjeldande forskrift om utvida bandtvang for hund, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal - Lovdata